

15 år sidan sela på Vatnastøl vart restaurert.

11.12.2010

Det er alt 15 år sidan stølshusa på Vatnastøl vart restaurert av Torgeir Helgeland og dei seks grunneigarane som utgjer Vatnastøl Venelag.



Muren mot nord på Mykelbustselet er lagt opp på nytt

30 juli i år var eigarane samla til dugnad og det vart det utført eit flott vedlikehaldsarbeid på sela. Vatn og frost medførte at muren mot nord på Mykelbustselet hadde sige ut. Muren vart plukka ned og murt opp på nytt.



På begge sela er det kome nye torvhalde og krokhar

Det er kome nytt torvhalde og nye krokhar. På deler av taka er det lagt på ny torv. Elles er det utført naudsynt vedlikehald på begge sela.

Vatnastøl framstår i dag som eit vakkert og unikt kulturminne.

I den komande stølsboka er det tinga plass for ein rammeartikel om stølsprosjektet på Vatnastøl 1993 - 1995.